



Stusdal VVS AS
Apalen 17
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1051 - 19/13960

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.05.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 170/21 Vatne

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr 170/21
Tiltakshavar: Harald Pedersen
Ansvarleg søkjar: Stusdal VVS AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.04.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Før vi kan handsama søknaden ber vi om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Situasjonskart

Avstand frå slamavskiljar til nabogrense må gjevast opp.

Dokumentasjon av bustaden

Det er lite informasjon om bygget i kommunen sitt arkiv. Vi ber om at det vert gjort greie for bruken av bygget og når bygget sist var i bruk som bustad.

Det må gjerast greie for omsøkt tiltak. Det må skildrast kva arbeid som skal utførast, eksisterande og ny bruk av rom, om tiltaket medfører inngrep i konstruksjonen m.m.

Mottatte teikningar har dårleg kvalitet. Det må sendast inn målsette plan-, snitt og fasadeteikningar i målestokk som viser eksisterande og ny situasjon. Dokumentasjonen bør supplerast med bilete av bygget innvendig og av alle fasadar.

Forholdet til byggtknisk forskrift (TEK 17)

Tiltak på eksisterande byggverk skal prosjekterast og utførast i samsvar med bestemmelsar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova. Kommunen kan gje løyve til bruksendring og nødvendig ombygging/rehabilitering også når det ikkje er mogleg å oppfylle tekniske krav til byggverk utan



uforholdmessige kostnader og dersom tiltaket er forsvarleg og nødvendig for å sikra hensiktsmessig bruk, jf. plan- og bygningslova § 31-2.

Det må gjerast greie for om tiltaket tilfredsstillar tekniske krav til byggverk, evt. søkjast om unntak frå desse i samsvar med pbl § 31-2.

Andre forhold

Det er søkt om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, i eitt-trinn. Vi gjer merksam på at det ikkje er nødvendig å senda inn søknad om igangsetjingsløyve for omsøkte tiltak. Søknad om igangsetjingsløyve skal berre nyttast ved søknad i to trinn, dvs. når det vert gitt rammeløyve. Samsvarserklæringar skal heller ikkje sendast til kommunen.

Vidare framdrift.

Kommunen kan ikkje ta stilling til om arbeidet med etablering av bad og kjøkken i bustaden er søknadspliktig, eller om bruken av bygget som bustad vil krevja bruksendring, før vi har fått tilbakemelding på dei nemnde forhold. Kommunen vil handsama søknaden når tiltaket sitt omfang er avklart og tilstrekkeleg dokumentasjon ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.06.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harald Pedersen	Elsåsvegen 178	5912	SEIM
Harald Pedersen	Elsåsvegen 178	5912	SEIM
Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS

Mottakarar:
Stusdal VVS AS

Apalen 17

5915

HJELMÅS